



Prop. 15 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2017 under Arbeids- og sosialdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 24. november 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt enkelte av inntektene for 2017.

Dei reviderte oversлага for folketrygda sine utgifter og inntekter i 2017 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet fremmer forslag om å auke løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål utanom lånetransaksjonar med 311 mill. kroner, å redusere løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med -1 058 mill. kroner og å redusere løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda med 665 mill. kroner. Samla gjer Arbeids- og sosialdepartementet framlegg om at løyvingane under utgiftskapitla utanom lånetransaksjonar blir sett ned med 1 812 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvingane for inntekter utanom lånetransaksjonar under inntektskapitla med 674 mill. kroner.

Kap. 601 Utreiingsverksemd, forsking m.m.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga for 2017 er 57 mill. kroner.

Det er behov for å flytte 0,4 mill. kroner til prosjekter knytt til IA-avtalen frå kap. 601, post 21 til kap. 601, post 70, jf. omtale under kap. 601, post 70.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår vidare å redusere løyva på kap. 601, post 21 med 1 mill. kroner på grunn av forseinking i forskningsprosjekt knytt til posten.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på posten samla sett med 1,4 mill. kroner.

Post 70 Tilskott

Løyvinga for 2017 er 31,5 mill. kroner.

Det er sett i verk fleire kunnskapsutviklingsprosjekt i regi av IA-avtalen. Desse prosjekta blir finansierte over kap. 621, post 21. I dialog med partane i arbeidslivet er det sett av midlar til at enkelte av hovudorganisasjonane i arbeidslivet gjennomfører nokre av prosjekta. Midlane bør derfor overførast til tilskottsposten. Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 601, post 70 med 0,4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 601, post 21.

På bakgrunn av budsjettavtalen mellom Regjeringa og samarbeidspartia vart det løyvd 2,3 mill. kroner i 2017 (halvårseffekt) til eit treårig pilotprosjekt mellom Klepp, Time og Hå kommune, organisasjonen No Limitation og Arbeids- og velferdsetaten. Formålet var å sikre fleksibelt ettervern og arbeid for tidlegare innsette, jf. Innst. 15. S (2016–2017). Det var opphaveleg lagt til grunn at No Limitation skulle stå som mottakar av midlane. Det er no avklara at Klepp kommune i staden skal vere mottakar. Som følgje av dette foreslår departementet at 2,3 mill. kroner overførast til kap. 621, post 63, sjå nærmare omtale under kap. 621, post 63.

Vidare foreslår Arbeids- og sosialdepartementet at løyvinga under kap. 601, post 70 blir redusert med 7,3 mill. kroner. Hovudårsaka til mindrebehovet på posten er at utgifter til departementets EU-kontingentar er lågare enn det som er lagt til grunn i saldert budsjett. I tillegg skuldas mindrebehovet at det er avsett 3 mill. kroner til erstatningshundar under kap. 601.70, men det vil bare bli gitt tilsegn om utbetaling av 2 mill. kroner i 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår samla sett å redusere løyvinga på posten med 9,2 mill. kroner.

Kap. 604 Utviklingstiltak i Arbeids- og velferdsforvaltninga

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 45

Løyvinga for 2017 er 49 mill. kroner.

Postane 21 og 45 under kap. 604 har gjensidig stikkordet «kan nyttast under». For å bringe løyvinga på post 21 i samsvar med forventa forbruk på post 21, foreslår ein å omdisponere 19 mill. kroner frå post 45 til post 21.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 19 mill. kroner.

Post 45 Større ustyrsskaffingar, kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga for 2017 er 391 mill. kroner.

Postane 21 og 45 under kap. 604 har gjensidig stikkordet «kan nyttast under». For å bringe løyvinga på post 21 i samsvar med forventa forbruk på post 21, foreslår ein å omdisponere 19 mill. kroner frå post 45 til post 21.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 19 mill. kroner.

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2017 er 11 623,2 mill. kroner.

I statsbudsjettet for 2017 ga Stortinget Arbeids- og sosialdepartementet tilgang til å omdisponere inntil 100 mill. kroner frå kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 76 Tiltak for arbeidssøkarar til kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten, post 01 Driftsutgifter. Fullmakta er knytt til etaten sitt oppfølingsarbeid og skal gje etaten auka fleksibilitet til sjølv å i større grad kunne utføre slike tenester. Fullmakta til å omdisponere vil nyttast i sin heilskap. Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 605, post 01 med 100 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 634, post 76.

Ein foreslår å setje ned løyvinga under kap. 605, post 01 med 39,3 mill. kroner som følge av netto lågare inntekter for Arbeids- og velferdsetaten, jf. omtale under kap. 3605, postane 01, 04 og 05. Dette er ei parallel justering av utgifts- og inntektskapittelet og må sjåast i samanheng med meirinntektsfullmaktene knytt til dei aktuelle postane.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med i alt 60,7 mill. kroner.

Kap. 3605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 01 Administrasjonsvederlag

Løyvinga for 2017 er 24,2 mill. kroner.

Ein nedgang i administrasjonsvederlaget som Statens pensjonskasse betaler til Arbeids- og velferdsetaten gjev eit lågare løvingsbehov på posten enn tidligare lagt til grunn. Inntektene på posten er no berekna til 15 mill. kroner i 2017. Sjå også forslag om parallel justering av løyvinga på kap. 605, post 01, jf. meirinntektsfullmakt knytt til postane.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 9,2 mill. kroner.

Post 04 Tolketenester

Løyvinga på posten er 2,5 mill. kroner.

Mellom anna på bakgrunn av inntektene så langt i år er overslaget for inntektene på posten i 2017 auka til 3,8 mill. kroner. Sjå også forslag om parallel justering av løyvinga på kap. 605, post 01, jf. meirinntektsfullmakt knytt til postane.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 1,3 mill. kroner.

Post 05 Oppdragsinntekter

Løyvinga for 2017 er 57,2 mill. kroner.

Ein nedgang i oppdragsinntektene til Arbeids- og velferdsetaten gjev eit lågare løvingsbehov på posten enn tidlegare lagt til grunn. Inntektene på posten er no berekna til 25,7 mill. kroner i 2017. Sjå også forslag om parallel justering av løyvinga på kap. 605, post 01, jf. meirinntektsfullmakt knytt til postane.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 31,5 mill. kroner.

Kap. 606 Trygderetten*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2017 er 70,3 mill. kroner.

Trygderetten flyttar inn i nye lokale hausten 2017. Utgifter knytt til flytting og anskaffing av nødvendig nytt utstyr kan ikkje bli fullt ut dekka innafor Trygderetten si gjeldande løyving for 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 606, post 01 med 2,4 mill. kroner.

Kap. 612 Tilskott til Statens pensjonskasse*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving**Post 70 For andre medlemer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving*

Løyvinga for 2017 på post 01 er 5 539 mill. kroner.

Løyvinga for 2017 på post 70 er 136 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 612 med totalt 28 mill. kroner. Post 01 er foreslått redusert med 61 mill. kroner og post 70 er foreslått auka med 33 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast i hovudsak at inntekter frå refusjonar frå andre pensjonsordningar er auka. I motsett retning viser oppdaterte overslag at mellom anna utbetalte AFP-pensjonar er auka.

Kap. 613 Arbeidsgivaravgift til folketrygda*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2017 på post 01 er 21 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

Post 70 For andre medlemer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 på post 70 er 13 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 4 mill. kroner.

Kap. 614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse*Post 90 Utlån, overslagsløyving*

Løyvinga for 2017 er 3 400 mill. kroner.

Overslag for utbetalte lån i 2017 er auka med 400 mill. kroner. Auken skuldast at talet på innkomne søknader er auka samanlikna med overslag i revidert nasjonalbudsjett for 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 400 mill. kroner.

Kap. 3614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse*Post 01 Gebyrinntekter, lån*

Løyvinga for 2017 er 24 mill. kroner.

Nytt overslag baserer seg på føresetnader om at volumet i bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse er auka, jf. kap. 3614, post 90 og kap. 614, post 90.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

Post 90 Tilbakebetaling av lån

Løyvinga for 2017 er 15 100 mill. kroner.

Nytt overslag skuldast ein reduksjon i talet på innfridde lån og at gjennomsnittleg innfridd beløp er redusert.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 700 mill. kroner.

Kap. 5607 Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse*Post 80 Renter*

Løyvinga for 2017 er 1 042 mill. kroner.

Overslaget for renteinntekter er auka med 126 mill. kroner. Nytt overslag skuldast ein auke i hovudstol og høgare rentenivå enn det som blei lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 126 mill. kroner.

Kap. 615 Yrkesskadeforsikring*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløying*

Løyvinga for 2017 er 85 mill. kroner.

Nytt overslag er basert på utbetalte erstatningar så langt i 2017 og prognose for utbetalingar ut året.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 3615 Yrkesskadeforsikring*Post 01 Premieinntekter*

Løyvinga for 2017 er 130 mill. kroner.

Inntektsoverslaget er redusert med 2 mill. kroner og er basert på fakturert premie i 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 621 Tilskott til sosiale tenester og sosial inkludering*Post 63 Sosiale tenester og tiltak for vanskeligstilte, kan overførast*

Løyvinga for 2017 er 160,8 mill. kroner.

Det visast til omtale under kap. 601, post 70 knytt til treårig pilotprosjekt om ettervern og arbeid for tidligare innsette. Departementet foreslår at 2,3 mill. kronar overførast frå kap. 601, post 70.

Etter initiativ frå Klepp, Time og Hå kommune og No Limitation er målgruppa utvida til også å omfatte personar med rusbakgrunn og/eller langvarige psykiske lidingar. Dette er målgrupper som til dels overlappar med tidlegare innsette. Klepp, Time og Hå kommune og No Limitation er også einige om at pilotprosjektet utvidast til også å omfatte Gjesdal kommune.

Dei involverte kommunane og No Limitation har i dialog med Arbeids- og velferdsdirektoratet utarbeida ei prosjektbeskriving som angir korleis pilotprosjektet er organisert og som beskriv metodikken for pilotprosjektet. Metodikken som nyttaast er delvis «recovery basert», der ein betringsprosess eller tilfriskning er i fokus, og delvis basert på individuell jobbstøtte (IPS). Arbeidet med å realisere pilotprosjektet har no starta. Ei gruppe beståande av relevante fagpersonar, som til dømes lege, sosionom og ruskonsulent, vil utarbeide ein skreddarsydd plan for den einskilde deltagaren. Målsettinga er at 35 personer skal delta i pilotprosjektet i løpet av 2017 og 2018 og 60 personer i løpet av prosjektperioden. Pilotprosjektet

skal evaluerast av IRIS (International Research Institute of Stavanger).

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 2,3 mill. kroner.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak*Post 76 Tiltak for arbeidssøkarar, kan overførast*

Løyvinga for 2017 er 7 579 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 634, post 76 Tiltak for arbeidssøkarar med 100 mill. kroner mot ein auke på 100 mill. kroner under kap. 605 Arbeids- og velferdssetaten, post 01 Driftsutgifter. Sjå omtale under kap. 605, post 01.

Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak*Post 85 Innfordring av feilutbetaling, arbeidsmarknadstiltak*

Løyvinga for 2017 er på 0,2 mill. kroner.

Inntekter frå innfordringar av feilutbetalingar bereknast til 1,227 mill. kroner i 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga under kap. 3634, post 85 Innfordring av feilutbetaling med 1,027 mill. kroner.

Kap. 640 Arbeidstilsynet*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2017 er 618,6 mill. kroner.

Posten har meirinntektsfullmakt, jf. romertsvedtak II i Prop. 1 S (2016–2017), knytt til kap. 3640, postane 01, 06 og 07. På kap. 3640.06 tilseier prognosen for 2017 ei meirinntekt på om lag 2 mill. kroner, medan på kap. 3640.07 tilseier prognosen ei mindreinntekt på 1,5 mill. kroner. Det er ingen endring på kap. 3640.01. Knytt til meirinntektsfullmaka tilseier dette ei samla endring på posten tilsvarande 0,5 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner, mot ein auke på kap. 3640.06 på 2 mill. kroner og ein reduksjon på kap. 3640.07 på 1,5 mill. kroner.

Kap. 3640 Arbeidstilsynet*Post 05 Tvangsmulkt*

Løyvinga for 2017 er 2,4 mill. kroner.

Det har for Arbeidstilsynet hittil i 2017 vore naudsynt å nyitta tvangsmulkter oftare enn det

som låg til grunn for løyvinga. Inntektene på posten vil avhenge av i kor stor grad Arbeidstilsynet må bruke dette verkemiddelet. Prognosene for 2017 tilseier no ei auka inntekt på om lag 4,6 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 4,6 mill. kroner.

Post 06 Refusjonar

Løyvinga for 2017 er 0 mill. kroner.

Det er ikkje løyving på posten. Inntektene på posten gjeld refusjon for mellombelse utlegg og innbetalingar av kursavgifter. Prognosene for 2017 tilseier no ei samla inntekt på posten på om lag 2 mill. kroner. Det er meirinntektsfullmakt på kap. 640.01 knytt til denne posten, jf. romertalsvedtak II i Prop. 1 S (2016–2017).

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 640.01.

Post 07 Byggesakshandsaming, gebyr

Løyvinga for 2017 er 21,5 mill. kroner.

Inntektene på posten er knytt til talet på byggjesaker som blir innsende til Arbeidstilsynet. Arbeidstilsynet har hittil i 2017 fått færre byggjesaker til handsaming enn det som ligg til grunn for løyvinga. Prognosene for 2017 tilseier no ei redusert inntekt på posten om lag 1,5 mill. kroner. Det er meirinntektsfullmakt på kap. 640.01 knytt til denne posten, jf. romertalsvedtak II i Prop. 1 S (2016–2017).

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon av kap. 640.01.

Post 09 Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket

Løyvinga for 2017 er 0 mill. kroner.

Det er ikkje løyving på posten. Inntektene på posten gjeld pålagde gebyr til verksemder som har brote arbeidsmiljøregelverket, og vil avhenge av i kor stor grad Arbeidstilsynet må bruke dette verkemiddelet. Prognosene for 2017 tilseier no ei inntekt på om lag 6 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 6 mill. kroner.

Kap. 642 Petroleumstilsynet

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga for 2017 er 28,2 mill. kroner.

Posten har meirinntektsfullmakt, jf. romertalsvedtak II i Prop. 1 S (2016–2017), knytt til kap. 3642.02. Prognosene for 2017 på kap. 3642.02 tilseier ei meirinntekt på om lag 0,8 mill. kroner og dermed ein tilsvarende auking på 0,8 mill. kroner på kap. 642 post 21. Prognosene for anna forbruk på kap. 642 post 21 tilseier derimot ein reduksjon på 0,4 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår derfor samla sett å auke løyvinga på posten med 0,4 mill. kroner.

Kap. 3642 Petroleumstilsynet

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Løyvinga for 2017 er 7,1 mill. kroner.

Aktivitetsnivået og tilhøyrande inntekter knytte til NORAD sitt bistandsarbeid er hittil i 2017 høgare enn det som ligg til grunn for løyvinga. Prosjekta blir initierte av andre enn tilsynet, noko som set grensar for Petroleumstilsynet sin innverknad på aktivitetsnivået og tilhørende inntekter. Prognosene for 2017 tilseier no ei auka inntekt på posten på om lag 0,8 mill. kroner. Det er meirinntektsfullmakt på kap. 642.21 knytt til denne posten, jf. romertalsvedtak II i Prop. 1 S (2016–2017).

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 0,8 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 642.21.

Kap. 660 Krigspensjon

Post 70 Tilstkott, militære, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 84 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 2 mill. kroner som følge av at gjennomsnittleg stønad ser ut til å bli litt lågare enn lagt til grunn i vedtatt budsjett.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 71 Tilstkott, sivile, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 210 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 5 mill. kroner som følge av at gjennomsnittleg stønad ser ut til å bli litt lågare enn lagt til grunn i vedtatt budsjett.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn*Post 70 Tilskott*

Løyvinga for 2017 er 55 mill. kroner.

Overslaget for tilskot for ytingane som blir dekte av statstilskotet etter trygdelova for pensjon for sjømenn § 15 er redusert med 3 mill. kroner, hovudsakleg som følgje av redusert overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)*Post 70 Tilskott, overslagsløyving*

Løyvinga for 2017 er 1 910 mill. kroner

Overslaget på posten er auka med 10 mill. kroner, hovudsakleg som følge av at talet på mottakarar ser ut til å bli høgare enn lagt til grunn i vedtatt budsjett.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år*Post 70 Tilskott, overslagsløyving*

Løyvinga for 2017 er 330 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 10 mill. kroner som følge av justerte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 2470 Statens pensjonskasse*Post 24 Driftsresultat*

Løyvinga for 2017 er -22,1 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår følgande endringar som i sum ikkje endrar løyvinga på post 24 Driftsresultat:

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår ein reduksjon i driftsutgiftene med 46 mill. kroner til 415,1 mill. kroner mot tilsvarende auke av underpost 24.6 Til reguleringsfond.

Underpost 24.6 Til reguleringsfond

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår ein auke i avsetting til reguleringsfondet med 46 mill. kroner, jf. omtale ovanfor.

Kap. 2541 Dagpengar*Post 70 Dagpengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2017 er 14 450 mill. kroner.

Overslaget på posten er nå 13 800 mill. kroner i 2017.

Med grunnlag i utbetalingane av dagpengar så langt i år foreslår Arbeids- og sosialdepartementet å redusere løyvinga under kap. 2541, post 70 Dagpengar med 650 mill. kroner. Hovudårsaka til reduksjonen i løyvinga er lågare ledighet enn tidlegare anslått.

Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.*Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2017 er 815 mill. kroner.

Dei første ni månadene i 2017 er utbetalingane gjennom lønnsgarantiordninga på om lag 582 mill. kroner. Det er ein reduksjon på 3,2 prosent samanlikna med same periode i fjar.

Samla sett, og særleg på bakgrunn av nedgangen i talet på konkursar totalt, reduksjonen i talet på saker inn til ordninga og reduserte utbetalingar hittil i år samanlikna med same periode i fjar, er det anslått at utgiftene for 2017 vil være på om lag 800 mill. kroner, tilsvarende ein reduksjon på 15 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 15 mill. kroner.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs*Post 70 Dividende*

Løyvinga for 2017 er 180 mill. kroner.

Dei første ni månadene i 2017 er innbetalingane på om lag 196 mill. kroner, det er om lag 60 prosent høgare enn på same tid i fjar. Dekningsgraden var låg i 2016, men har vore høg hittil i 2017. Det er ut frå dette anslått at innbetalingane for 2017 vil vere på om lag 230 mill. kroner, tilsvarende ein auke på 50 mill. kroner i høve til løyvinga som er gitt.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 50 mill. kroner.

Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far

Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 2 110 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 50 mill. kroner som følge av ein sterkare nedgang i talet på mottakarar enn venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 2620, post 70 Overgangsstønad med 50 mill. kroner.

Post 72 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 235 mill. kroner.

Barnetilsyn bereknast til 230 mill. kroner i 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 2620, post 72 Barne-tilsyn med 5 mill. kroner.

Post 73 Utdanningsstønad

Løyvinga for 2017 er 25 mill. kroner.

Utdanningsstønad bereknast til 22 mill. kroner i 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 2620, post 73 Utdanningsstønad med 3 mill. kroner.

Kap. 2650 Sjukepengar

Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar mv., overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 35 970 mill. kroner.

I Saldert budsjett 2017 og i Prop. 129 S (2016–2017) er det lagt til grunn nullvekst i det trygdefinansierte sjukefråveret frå 2016 til 2017. Arbeids- og velferdsdirektoratet sin statistikk over sjukefråveret og rekneskapen til og med september 2017 tilseier no ein reduksjon i det trygdefinansierte sjukefråveret frå 2016 til 2017 på 0,5 pst. Vidare er anslaget for forventa vekst i sjukepengegrunnlaget redusert frå 2,4 til 2,3 pst. Anslaget for forventa sysselsettingsvekst er oppjustert frå 0,6 til 0,7 pst. Samla sett inneber dette lågare sjukepengeutbetalingar i 2017 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 180 mill. kroner.

Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 1 406 mill. kroner.

I Saldert budsjett 2017 og i Prop. 129 S (2016–2017) er det lagt til grunn ein reduksjon i det trygdefinansierte sjukefråveret for sjølvstendige frå 2016 til 2017 på 2,0 pst. Arbeids- og velferdsdirektoratet sin statistikk over sjukefråveret og rekneskapen til og med september 2017 tilseier no ein nullvekst i det trygdefinansierte sjukefråveret frå 2016 til 2017. Vidare er anslaget for forventa vekst i sjukepengegrunnlaget redusert frå ein vekst på 2,4 pst. til ein reduksjon på 2,5 pst. Anslaget for forventa sysselsettingsvekst er oppjustert frå 0,6 til 0,7 pst. Samla sett inneber dette lågare sjukepengeutbetalingar i 2017 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 36 mill. kroner.

Post 72 Pleie-, opplærings- og omsorgspengar mv., overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 720 mill. kroner.

Det er no venta lågare volumvekst i 2017 enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 75 Feriepengar av sjukepengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 2 010 mill. kroner.

Utgiftene i 2017 blir noko lågare enn venta på bakgrunn av ein noko lågare feriepengedel enn det som tidlegare var lagt til grunn.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 35 mill. kroner.

Kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar

Post 70 Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 34 290 mill. kroner.

Gjennomsnittleg tal på mottakarar av arbeidsavklaringspengar i 2017 er venta å bli noko lågare enn det som blei lagt til grunn i Prop. 129 S (2016–2017). Samtidig er overslaga for etterbetaling knytt til dei tidlegare ordningane rehabiliteringspengar, attføringspengar og tidsavgrensa uførerstønad auka. Samla sett inneber dette lågare utgifter til arbeidsavklaringspengar enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 190 mill. kroner.

Post 71 Tilleggsstønad, overslagsløying

Løyvinga for 2017 er 285 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2017 blir noko lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Kap. 2655 Uføre

Post 70 Uføretrygd, overslagsløying

Løyvinga for 2017 er 82 600 mill. kroner.

Gjennomsnittleg tal på mottakarar av uføretrygd i 2017 er venta å bli noko høyare enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 170 mill. kroner.

Post 75 Mènerstatning ved yrkesskade, overslagsløying

Løyvinga for 2017 er 75 mill. kroner.

Talet på saker er justert opp samanlikna med det som låg til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 6 mill. kroner.

Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelphemiddel mv.

Post 70 Grunnstønad, overslagsløying

Løyvinga for 2017 er 1 870 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 73 Hjelphemiddel mv. under arbeid og utdanning

Løyvinga for 2017 er 132 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

Post 74 Tilskott til bilar

Løyvinga for 2017 er 765 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 15 mill. kroner.

Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel

Løyvinga for 2017 er 3 010 mill. kroner.

Det er no venta noko høyare volumvekst enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 90 mill. kroner.

Post 76 Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel som tenester

Løyvinga for 2017 er 255 mill. kroner.

Det er no venta høyare volumvekst enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 25 mill. kroner.

Post 77 Ortopediske hjelphemiddel

Løyvinga for 2017 er 1 410 mill. kroner.

Det er no venta noko høyare volumvekst enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 40 mill. kroner.

Post 78 Høyreapparat

Løyvinga for 2017 er 645 mill. kroner.

Det er no venta noko høyare volumvekst enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 35 mill. kroner.

Kap. 2670 Alderdom

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløying

Løyvinga for 2017 er 70 680 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 350 mill. kroner som følge av justerte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 350 mill. kroner.

Post 71 Tilleggpensjon, overslagsløying

Løyvinga for 2017 er 134 930 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 560 mill. kroner som følge av justerte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 560 mill. kroner.

Post 72 Inntektpensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 636 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 51 mill. kroner, hovudsakleg som følge av redusert overslag for gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 51 mill. kroner.

Post 73 Særtillegg, pensjonstillegg mv., overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 5 865 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 55 mill. kroner, hovudsakleg som følge av justerte overslag for særtillegg og pensjonstillegg.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 55 mill. kroner.

Kap. 2680 Etterlatne**Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving**

Løyvinga for 2017 er 850 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 10 mill. kroner hovudsakleg som følge av justerte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 72 Særtillegg, overslagsløyving

Løyvinga for 2017 er 84 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 2 mill. kroner som følge av justerte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 2686 Stønad ved gravferd**Post 70 Stønad ved gravferd, overslagsløyving**

Løyvinga for 2017 er 191 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 9 mill. kroner hovudsakleg som følge av justerte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 9 mill. kroner.

Kap. 3616 Gruppelivsforsikring**Post 01 Premieinntekter**

Løyvinga for 2017 er 101 mill. kroner.

Inntektsoverslaget er auka med 7 mill. kroner og er basert på fakturert premie i 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 7 mill. kroner.

Kap. 3635 Ventelønn mv.**Post 01 Ventelønn refusjon**

Løyvinga for 2017 er 22 mill. kroner

Inntekter frå refusjon av ventelønnsutbetalinger bereknast til 19 mill. kroner i 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 3 mill. kroner under kap. 3635, post 01 Ventelønn refusjon.

Post 85 Ventelønn, innfordring av feilutbetaling

Løyvinga for 2017 er 0,4 mill. kroner.

Inntekter frå innfordringar av feilutbetalingar av ventelønn bereknast til 0,6 mill. kroner i 2017.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner under kap. 3635, post 85 Ventelønn, innfordringar av feilutbetalingar.

Kap. 5701 Diverse inntekter**Post 71 Refusjon ved yrkesskade**

Løyvinga for 2017 er 1 021,24 mill. kroner.

På grunn av innbetalingar så langt i 2017 av refusjon av oppgjer frå forsikringsnæringa til og med skadeårgang 2016, og forventa innbetalingar for resten av året, blir innbetalingar for 2017 anslått 83,56 mill. kroner høgare enn budsjettet.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 83,56 mill. kroner.

Post 73 Refusjon frå bidragspliktige

Løyvinga for 2017 er 225 mill. kroner.

Ein må sjå inntektene på posten i samanheng med utgiftene til bidragsforskott på kap. 2620 post 76. På grunn av utviklinga så langt i år reknar ein med at inntektene blir litt høgare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 80 Renter

Løyvinga for 2017 er 1,7 mill. kroner.

Regnskapsført beløp per 31. august er allereie høgare enn løyvinga på posten. Høgare innbetalte renter skuldast to enkeltinnbetalingar på til saman 1 mill. kroner. Arbeids- og velferdsdirektoratets oppdaterte anslag for 2017 er på 2,7 mill. kroner.

ASD meiner at prinsippet om realistisk budsjetting tilseier ei justering av løyvinga i omgrupperinga, sjølv om anslaget for året sett under eitt er usikkert.

ASD foreslår derfor å auke løyvinga under kap. 5701, post 80 med 1 mill. kroner.

Post 86 Innkrevjing feilutbetingar

Løyvinga for 2017 er 718 mill. kroner.

Mellom anna på bakgrunn av utviklinga så langt i år er inntektene for året samla venta å bli 1 120,5 mill. kroner. Høgare forventa inntekter skuldast mellom anna ein auke i mengd feilutbetingssakar og fleire sakar knytt til etteroppgjør for uføre. I tillegg er det venta eit høgare innbetalte beløp på etteroppgjør for uføre enn tidlegare antatt.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 402,5 mill. kroner.

Post 87 Diverse inntekter

Løyvinga for 2017 er 35,8 mill. kroner.

Mellom anna på bakgrunn av inntektene så langt i år er overslaget for inntektene på posten i 2017 auka til 45,8 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 10 mill. kroner.

Post 88 Hjelphemiddelsentralar m.m.

Løyvinga for 2017 er 63 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 4 mill. kroner

Arbeids- og sosialdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2017 under Arbeids- og sosialdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under Arbeids- og sosialdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under
Arbeids- og sosialdepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2017 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
601		Utreiingsverksemد, forsking m.m.	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med.....	1 400 000
		frå kr 57 025 000 til kr 55 625 000	
	70	Tilskott, reduserast med.....	9 200 000
		frå kr 31 490 000 til kr 22 290 000	
604		Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 45,</i> blir auka med	19 000 000
		frå kr 49 000 000 til kr 68 000 000	
	45	Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast,</i> <i>kan nyttast under post 21</i> , blir redusert med	19 000 000
		frå kr 391 000 000 til kr 372 000 000	
605		Arbeids- og velferdsetaten	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	60 670 000
		frå kr 11 623 180 000 til kr 11 683 850 000	
606		Trygderetten	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	2 400 000
		frå kr 70 294 000 til kr 72 694 000	
612		Tilskott til Statens pensjonskasse	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	61 000 000
		frå kr 5 539 000 000 til kr 5 478 000 000	
	70	For andre medlemer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	33 000 000
		frå kr 136 000 000 til kr 169 000 000	
613		Arbeidsgiveravgift til folketrygda	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	6 000 000
		frå kr 21 000 000 til kr 15 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	70	For andre medlemer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	4 000 000
		frå kr 13 000 000 til kr 17 000 000	
614		Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	90	Utlån, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	400 000 000
		frå kr 3 400 000 000 til kr 3 800 000 000	
615		Yrkesskadeforsikring	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	5 000 000
		frå kr 85 000 000 til kr 80 000 000	
621		Tilskott til sosiale tenester og sosial inkludering	
	63	Sosiale tenester og tiltak for vanskeligstilte, <i>kan overførast</i> , blir auka med	2 300 000
		frå kr 160 760 000 til kr 163 060 000	
634		Arbeidsmarknadsstiltak	
	76	Tiltak for arbeidssøkarar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	100 000 000
		frå kr 7 579 585 000 til kr 7 479 585 000	
640		Arbeidstilsynet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	500 000
		frå kr 618 594 000 til kr 619 094 000	
642		Petroleumstilsynet	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med	375 000
		frå kr 28 207 000 til kr 28 582 000	
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	2 000 000
		frå kr 84 000 000 til kr 82 000 000	
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	5 000 000
		frå kr 210 000 000 til kr 205 000 000	
664		Pensjonstrygda for sjømenn	
	70	Tilskott, blir redusert med	3 000 000
		frå kr 55 000 000 til kr 52 000 000	
666		Avtalefesta pensjon (AFP)	
	70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	10 000 000
		frå kr 1 910 000 000 til kr 1 920 000 000	
667		Supplerande stønad til personar over 67 år	
	70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	10 000 000
		frå kr 330 000 000 til kr 320 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
2470		Statens pensjonskasse	
24		Driftsresultat:	
	1	Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-649 569 000
	2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	415 105 000
	3	Avskrivingar	121 354 000
	4	Renter av statens kapital	2 884 000
	5	Til investeringsføremål	38 070 000
	6	Til reguleringsfond	50 020 000
			<hr/>
			-22 136 000
2541		Dagpengar	
70		Dagpengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	650 000 000
		frå kr 14 450 000 000 til kr 13 800 000 000	
2542		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.	
70		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	15 000 000
		frå kr 815 000 000 til kr 800 000 000	
2620		Stønad til einsleg mor eller far	
70		Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	50 000 000
		fra kr 2 110 000 000 til kr 2 060 000 000	
72		Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	5 000 000
		fra kr 235 000 000 til kr 230 000 000	
73		Utdanningsstønad, blir redusert med	3 000 000
		fra kr 25 000 000 til kr 22 000 000	
2650		Sjukepengar	
70		Sjukepengar for arbeidstakrarar mv., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	180 000 000
		frå kr 35 970 000 000 til kr 35 790 000 000	
71		Sjukepengar for sjølvstendige, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	36 000 000
		frå kr 1 406 000 000 til kr 1 370 000 000	
72		Pleie-, opplærings- og omsorgspengar mv., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	20 000 000
		frå kr 720 000 000 til kr 700 000 000	
75		Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	35 000 000
		frå kr 2 010 000 000 til kr 1 975 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
2651		Arbeidsavklaringspengar	
	70	Arbeidsavklaringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 34 290 000 000 til kr 34 100 000 000	190 000 000
	71	Tilleggsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med, frå kr 285 000 000 til kr 265 000 000	20 000 000
2655		Uføre	
	70	Uføretrygd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med, frå kr 82 600 000 000 til kr 82 770 000 000	170 000 000
	75	Menerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med, frå kr 75 000 000 til kr 81 000 000	6 000 000
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelphemiddel mv.	
	70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kr 1 870 000 000 til kr 1 880 000 000	10 000 000
	73	Hjelphemiddel mv. under arbeid og utdanning, blir redusert med..... frå kr 132 000 000 til kr 125 000 000	7 000 000
	74	Tilskott til bilar, blir auka med, frå kr 765 000 000 til kr 780 000 000	15 000 000
	75	Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel, blir auka med, frå kr 3 010 000 000 til kr 3 100 000 000	90 000 000
	76	Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel som tenester, blir auka med frå kr 255 000 000 til kr 280 000 000	25 000 000
	77	Ortopediske hjelphemiddel, blir auka med, frå kr 1 410 000 000 til kr 1 450 000 000	40 000 000
	78	Høyreapparat, blir auka med..... frå kr 645 000 000 til kr 680 000 000	35 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med, frå kr 70 680 000 000 til kr 70 330 000 000	350 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med, frå kr 134 930 000 000 til kr 134 370 000 000	560 000 000
	72	Inntektpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med, frå kr 636 000 000 til kr 585 000 000	51 000 000
	73	Særtillegg, pensjonstillegg mv., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kr 5 865 000 000 til kr 5 920 000 000	55 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2680		Etterlatne	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 850 000 000 til kr 860 000 000	10 000 000
	72	Særtillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kr 84 000 000 til kr 86 000 000	2 000 000
2686		Stønad ved gravferd	
	70	Stønad ved gravferd, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 191 000 000 til kr 182 000 000	9 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3605		Arbeids- og velferdsetaten	
	01	Administrasjonsvederlag, blir redusert med..... frå kr 24 170 000 til kr 15 000 000	9 170 000
	04	Tolketenester, blir auka med..... frå kr 2 510 000 til kr 3 800 000	1 290 000
	05	Oppdragsinntekter mv., blir redusert med..... frå kr 57 150 000 til kr 25 700 000	31 450 000
3614		Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	01	Gebyrinntekter, lån, blir auka med..... frå kr 24 000 000 til kr 25 000 000	1 000 000
	90	Tilbakebetaling av lån, blir redusert med..... frå kr 15 100 000 000 til kr 13 400 000 000	1 700 000 000
3615		Yrkesskadeforsikring	
	01	Premieinntekter, blir redusert med..... frå kr 130 000 000 til kr 128 000 000	2 000 000
3616		Gruppelivsforsikring	
	01	Premieinntekter, blir auka med	7 000 000
		Frå 101 000 000 til kr 108 000 000	
3634		Arbeidsmarknadstiltak	
	85	Innfordring av feilutbetaling, arbeidsmarknadstiltak, blir auka med	1 027 000
		frå kr 200 000 til kr 1 227 000	
3635		Ventelønn mv.	
	01	Refusjon statleg verksemd mv., blir redusert med	3 000 000
		frå kr 22 000 000 til kr 19 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	85	Innfordring av feilutbetaling av ventelønn, blir auka med	200 000
		frå kr 400 000 til kr 600 000	
3640		Arbeidstilsynet	
	05	Tvangsmulkt, blir auka med.....	4 600 000
		frå kr 2 400 000 til kr 7 000 000	
(NY)	06	Refusjonar, blir løyva med	2 000 000
	07	Byggesakshandsaming, gebyr, blir redusert med.....	1 500 000
		frå kr 21 500 000 til kr 20 000 000	
(NY)	09	Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket, blir løyva med.....	6 000 000
3642		Petroleumstilsynet	
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir auka med	775 000
		frå kr 7 130 000 til kr 7 905 000	
5607		Renter av bustadslåneordninga i Statens pensjonskasse	
	80	Renter, blir auka med.....	126 000 000
		frå kr 1 042 000 000 til kr 1 168 000 000	
5701		Diverse inntekter	
	71	Refusjon ved yrkesskade, blir auka med	83 560 000
		frå kr 1 021 240 000 til kr 1 104 800 000	
	73	Refusjon frå bidragspliktige, blir auka med.....	20 000 000
		frå kr 225 000 000 til kr 245 000 000	
	80	Renter, blir auka med.....	1 000 000
		frå kr 1 700 000 til kr 2 700 000	
	86	Innkrevjing feilutbetalingar, blir auka med	402 500 000
		frå kr 718 000 000 til kr 1 120 500 000	
	87	Diverse inntekter, blir auka med	10 000 000
		frå kr 35 800 000 til kr 45 800 000	
	88	Hjelphemiddelsentralar m.m., blir auka med	4 000 000
		frå kr 63 000 000 til kr 67 000 000	
5704		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs	
	70	Dividende, blir auka med.....	50 000 000
		frå kr 180 000 000 til kr 230 000 000	
